

Praktisk informasjon til nye pasientar som får tildelt plass på Stord sjukeheim

Toalettsaker

Hudpleieprodukt som såpe, sjampo og tannkrem blir dekka av sjukeheimen. Dersom ein ønskjer andre merke på hudpleieprodukta enn dei sjukeheimen har, må ein dekka dette sjølv.

Medisinar

Utgifter til medisinar blir dekka av sjukeheimen. Det er fint om ein tek med multidose dersom ein har fått utlevert det.

Møblering av rommet

Det kan vera lurt å avtala tid for å sjå rommet før ein flyttar inn møblar. Kvart rom har seng og nattbord, og elles reknar ein med at familien møblerer romma for pasientane. Møbleringa må ikkje gå ut over arbeidsforholda til personalet ved at det det blir trøngt for bruk av rullestol, personløftar og liknande.

Privat tøy

Det er dobbelt garderobeskap på kvart rom. Kleda må vera lettstelte og tola vask. Alt privattøy blir vaska på sjukeheimen. Ein kan gjera avtale med personalet dersom pårørande ønskjer å vaska spesielle klede sjøve. Pårørande har ansvar for å merka alt privattøy på ein god måte. Sjukeheimen tar ikkje ansvar for skader eller forsvinning av privattøy som blir vaska på avdelingane.

Aviser

Den einskilde må abonnera på avis / tidsskrift som ein sjølv ønskjer.

TV

Det er felles TV på alle daglegstover. TV på pasientrom må pårørande bestilla via Haugaland kraft (Altibox).

Telefon

Kvar avdeling har telefonar der pårørande kan ta kontakt.

Post

Kvar pasient får post til seg dersom det har blitt meldt adresseendring. Pårørande har ansvar for å spørja etter post dersom dei skal ta hand om dette.

Flyttemelding

Ved tildeling av langtidsopphald skal Folkeregisteret ha melding om flytting. Det er ulike måtar å melde flytting til folkeregisteret. Informasjon finn du her: https://www.flytteportalen.no/folkeregisteret/?gclid=EAIAIQobChMIIODw762p6wIVkKkYCh0kiAjdEAAAYASABEgIvQvD_BwE

Du er pliktig til å melde flytting til Folkeregisteret innan 8 dagar etter flyttedato!

Betaling for opphold

Betaling for opphaldet er fastsett av forskrift frå Sosialdepartementet. Pasientar med inntekt ut over Folketrygda sitt grunnbeløp, må betala eit tilleggsbeløp. Nærare opplysningar kan du lesa på <https://www.stord.kommune.no/avgifter-og-gebyr.427759.no.html>

Personleg økonomi

Pasientar bør ikkje ha store verdisaker eller pengebelslop på romma sine. Personalet organiserer eit pasientrekneskap der kvar einskild pasient har eit lite beløp til fortløpande utgifter. Slike utgifter kan vera frisør, fotpleie, loddkjøp og liknande.

Legeteneste

Alle avdelingar har sjukeheimslege med tilsyn kvar veke. Dersom pårørande ønskjer samtale med legen må dette avtalast på førehand.

Tannlege-teneste

Nødvendig tannbehandling blir dekka ved langtidsopphald. Tap av tannprotese som pasientar har forårsaka sjølve, blir ikkje dekka av sjukeheimen.



Hjelpemiddel

Ved behov for gang- og hørselshjelpemiddel blir avdeling for fysio- og ergoterapi kontakta.

Frisør og Fotpleie

Sjukeheimen har eit eige velværerom der ein frisør har salong to dagar i månaden. Bestilling skjer via avdelingane.

Sjukeheimen har også avtale med praktiserande fotterapeut. Bestilling skjer via avdelingane. Kostnader til desse tenestene må pasientane dekka sjølve.

Aktivitetar

Det er tilsett ein aktivitør som er med og arrangerer felles arrangement i Hauglandsstova. Aktivitøren har kontakt med skule, barnehage, kor og religiøse grupper. Pårørende er velkomne til å vera med når det føregår ulike aktivitetar.

Aktivitøren har også andre aktivitetar i mindre grupper.

Pårørende er ein viktig ressurs. Dei hjelper til med:

- Innkjøp av kler og sko som er gode å bevega seg i.
- Å medverka til at pasientane oppnår så høg livskvalitet som mogleg ved å ta dei med på sosialt liv utanfor sjukeheimen.
- Å ta del i sosiale aktivitetar på avdelinga og fellesarrangement på sjukeheimen.
- Å følgja sine nærmaste til undersøkingar utenfor sjukeheimen (tannlege, lege, røntgen m.m.).
- Å tørka støv og vatna blomar på pasientane sine rom.